

PYTTANE



Pyttane er livsverket til Eirik Fosse, kalla Bøllamann, og kona Ingebjørg, kalla Bølla. Eirik fekk kallenamnet sitt etter Bølla. Han var eit arbeidsjarn, evnerik, sterk og uthaldande, nytenkande med fantasi og skaparevne. Bølla var også eit arbeidsjarn som støtta mannen og deltok i arbeidet.

Dei fekk kjøpt området i Pyttane om lag midtvegs fram i dalen. Her sette dei inn kreftene sine på å rydda og overflatedyrka området. Dei fann nye løysingar på drifta. Bondene lagra tørrhøyet og lauvet i høyloer. Bøllamann valde ei anna løysing. Han bygde ein liten fjøs. Her fora han sauene sine til forlageret var tomt, om lag ved juletider. Då gjekk han framfor sauene og laga gangveg i snøen, slik at dyra kunne koma seg heim til småbruket i bygda. Og på denne måten låg møka neste vår klar til spreiing frå fjøsen i dalen. Dei andre bøndene, som skulle gjødsla teigane sine i dalen, måtte køyra møka heimanfrå om våren, noko som var særskilt arbeidskrevjande. Det slapp Bøllamann. Dei bygde etter kvart fleire hus og budde her til seinhaustes og tidleg på vinteren.

Pyttane er eit viktig kulturminne som fortel om slikt med å utnytta resursane i dalen og korleis driftige folk fann løysingar som letta strevet.



PYTTANE – THE PONDS

The small-holding Pyttane is the life work of Eirik Fosse, called Bølla-spouse, and his wife Ingebjørg, called Bølla, to whom his nickname refers. Eirik was a great worker, talented, strong, persistent, and innovative, with a lot of imagination and creativity. Bølla was his match in everything and partook as well as supported her husband wholeheartedly.

Pyttane is situated approximately in the middle of the valley. The couple bought the holding and set to work, clearing and tilling the property. New solutions were found as to how to organize the labour. Instead of storing the hay and pollarded bundles in hay barns, Bøllamann chose a different approach: He built a small barn in which he fed the sheep till the stored fodder came to an end, at about Christmas time. Then he let the sheep out and trod a path in the snow before them downhill towards their smallholding in the hamlet. Thus, the muck from the sheep lay up there ready to be spread next spring. The other farmers, however, had to transport the muck uphill by sled from their home barns to fertilize their up-valley fields, which meant a lot of toil and hardship. The couple continued to build more of these seasonal dwellings both for the late autumn and early spring periods.

Pyttane is thus an important site of cultural heritage, visualising the labour and struggle to utilize the limited resources of this valley, and how innovative people found brilliant solutions to lessen their toil.

- 1 Skagasete
- 2 Botnabakken
- 3 Lysedalen
- 4 Numeskard
- 5 Dalsete
- 6 Bustagjerde

